

Saksbehandlar: Inge Horstad
Avdeling: Samferdsleavdelinga

Sak nr.: 10/3226-2

Offentleg høyring - Alkolås som alternativ til tap av førarrett ved køyring med promille.

Fylkesdirektøren rår samferdsleutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for samferdsle er positive til prosjekt med alkolås som alternativ til tap av førarrett ved køyring med promille.

Uprenta vedlegg:

Alkolås som alternativ til tap av førerrett ved kjøring med promille

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Bilførarar som vert dømt for promillekøyning over eit gitt nivå misser i dag retten til å føra bil for ein gitt periode. Berre enkelte grupper får oppfølging knytt til alkoholproblem. Erfaringar frå fleire stadar i verda syner at god oppfylging og bruk av alkohol har gode resultat i form av færre tilbakefall.

Vegdirektoratet har saman med politi, helsedirektorat og kriminalomsorg utarbeidd ein rapport der dei tek til orde for å prøve ut alkohol kombinert med oppfylging.

Historikk

Føring av motorvogn i alkoholpåverka tilstand er blant dei viktigaste risikofaktorane for trafikkulukker.

Det er gjort undersøkingar der ein har anslått at 0,37% av bilførarane fører motorvogn med promille. Det er vidare anslått at 1% av alle som fører motorvogn er påverka av narkotiske stoff. Det er gjort studiar som indikerar at alkohol og/eller andre rusmiddel er medverkande årsak i 2/3 av alle dødsulukker der berre eit køyretøy er involvert.

I Noreg vert tap av førarrett hovudsakleg nytta som reaksjon ved promilledom. Dei fleste promilledømte får inga oppfylging av det offentlege. Berre personar som er dømt for høg promille og/eller personar med mange tilsvarende dommar, får i dag tilbod om rusprogram i regi av kriminalomsorga.

Folkhelseinstituttet anslår at 80% av dei promilledømte har eit alkoholproblem. Vidare vert 30% av dei promilledømte tekne på nytt innan 7 år.

Tal frå både Noreg og andre land syner at ordninga med tap av førarrett har liten verknad. Undersøkingar frå USA viser derimot at alkohol i staden for tap av førarrett beskyttar den vanlege bilist, samt at den reduserar tilbakefall med mellom 50 og 90%.

Program for alkohol

Det vert foreslege eit program for alkohol for å få erfaringar på om dette er hensiktsmessig i Noreg. Programmet vert foreslege som eit frivillig tilbod til dei som vert dømt for promillekøyning som alternativ til tap av førarrett.

Programmet for alkohol inneheld:

- Godkjenning og oppfølging frå kriminalomsorg i fridom. 3-6 møter første år og deretter minst eit møte pr år.
- Legeattest kvar 4. månad. Markørar indikerar unormalt høgt alkoholforbruk.
- Statens Vegvesen gir den promilledømde avgrensa førarrett til køyretøy med alkohol
- Alkohol monterte i ein eller fleire bilar. Låsen vert betalt av personen sjølv.

Problemanalyse

Alkoholrus er eit stort risikoelement i trafikken. Analyser som er gjort syner at 80 % av dei promilledømte er definert til å ha eit alkoholproblem og kvar tredje promilledømte får ny dom innan 7 år.

Tverrfaglege og koordinerte tiltak frå helse, kriminalomsorg, aktuell bilverkstad, politi, domstol og vegvesen utgjer i sum dette programmet. Programmet med alkohol tek sikte på å følgje opp den promilledømte og hjelpe han/ho med rusproblema sine.

Han/ho vert fysisk hindra frå å nytte køyretøy med alkohol i alkoholpåverka tilstand. Samtidig får han/ho høve til å nytte bil med alkohol i edru tilstand. Dette eine tiltaket gjer at den promilledømde kan fungere mest mogleg normalt i samfunnet.

Erfaringar frå andre land syner at tilbakefallet vert redusert med 50-90%.

2. VURDERING OG KONSEKVENSA

Gruppa som har arbeidd med program for alkohol har vore breitt samansett av fagfolk frå Politi, helsedirektorat, kriminalomsorg og vegdirektorat. Dei har utarbeidd ein omfattande rapport basert på studiar av tilsvarande arbeid i andre land.

Kjernen i tiltaka er retta mot den promilledømte sine alkoholvanar og eventuelle alkoholproblem. Det foreslegne programmet inneheld tverrfaglege og koordinerte tiltak for å hjelpe den promilledømde.

Resultat frå andre delar av verda tyder på at her er mykje bra å hente ved eit slikt tiltak. Lågare ulukkesrisiko og hjelp til personar med alkoholproblem og deira pårørande er effektar som er verdt mykje både for samfunn og enkeltindivid.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren er positiv til prosjekt med alkohol som alternativ til tap av førarrett ved køyring med promille.